

Fra: Morten Mangerøy Helland <morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no>

Sendt: 04.05.2021 10:14:59

Til: anni.hagoy@gmail.com

Emne: Retting av grense i matrikkelkartet gbnr. 332/2 og 332/1

Viser til epost du har sendt til kommmen datert 03.05.2021 og 01.05.2021.

Eg har snakka med eigar av 332/1 angående flytting av grensa i kartet. Han er ikkje einig i at grensa skal flyttast meir enn det den er gjort i det forslaget til retting eg sendte ut datert 15.04.2021.

Når det gjeld eigedomsgrenser, må det dokumenterast at det føreligg einigheit mellom alle registrerte eigarar og festarar om retting for at kommunen skal kunne gjennomføre dette. I min telefonsamtale med eigar av 332/1 oppfatta eg han sånn at han ikkje var einig i noko vidare flytting av denne grensa. Det må og godtgjerast at rettinga ikkje innebær ein faktisk endring av eksisterande grense i strid med reglane om arealoverføring eller grensejustering.

Når det gjeld karta du leverte inn til kommunen i januar, er dette ikkje spesielt detaljerte kart. Når me no snakkar om ei flytting av grensa på 1-2 meter, vert ikkje desse karta detaljerte nok til å digitalisere dette med 100% nøyaktigheit. Det eine kartet er og uten målestokk, og det er heller ikkje dokumentert kvar dette kartet stammar frå.

For at me skal kunne retta grensa sånn som du ønskjer ber eg derfor om at du sjølv lagar til eit forslag til retting av grensa der du og eigar av gbnr. 332/1 saman signerer og ber om at grensa vert retta i samsvar med forslaget dykkar. Forslaget må innehalde eit kart med dagsrelevante detaljar som gjer det mogleg for oss å digitalisere. Dette ber eg om for at me skal kunne dokumentere einigheit mellom partane, sånn kravet i matrikkellova er.

Som sagt før er ikkje retting av grense i kartet noko som kan gjerast med centimeters nøyaktigheit, om du ønskjer det må du rekvirere oppmålingsforretning. Det er uansett grensemerka i terrenget som er gjeldande og ikkje matrikkelkartet.

Eg ventar med matrikkelføring av forslag til retting datert 15.04.2021 inntil eg høyrer frå dykk.

Morten Mangerøy Helland | Rådgjevar - Kart og oppmåling

Telefon: 46 28 03 58

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE